



Org. nr. NO 984 136 293
Tlf. nr. 52 760457
Bank Sandeid Sparebank
Konto nr. 3241.06.00888

Vikedal, 25. mars 2005

INVITASJON TIL SESONGOPNING I VESTLANDSMESTERSKAPET

9. og 10. april er det klart for sesongopning i Vestlandsmesterskapet med bakkeløp lørdag 9. april og rallycross 10. april, begge løpa på Vikedal Motorbane.

Vestlandsmesterskapet kan i år tilby pengepremier til dei beste. Nærmare informasjon om dette finn du i reglane for mesterskapet som ligg vedlagt. Endeleg fordeling av premiane vil bli bestemt på eit møte med dei aktive under sesongopninga i Vikedal. Dei aktive som deltek der vil altså få muligheten til å påverka fordelinga av premiesummane.

Kvar finn du Vikedal?

NMK Vikedal sin bane, Vikedal Motorbane, ligg i Vikedal midt mellom Haugesund og Sauda på kartet, ca. 60 km. aust for Haugesund. Enklaste veg for dei som kjem over Haukeli er å følgje E134 til Ølen, ta av på rv. 514 mot Sandeid og deretter rv. 46 til Vikedal. Det er skilta til banen frå Vikedal sentrum.

Påmelding

I følgje reglane i Vestlandsmesterskapet er påmeldingsfristen 14 før løpet, men på grunn av påsken er påmeldingsfristen til sesongopninga sett til den 31. mars. Du melder deg på ved å senda påmeldingsskjema pr. post til adressa på toppen av arket, eller ved å gå inn på nettsida til NMK Vikedal, <http://www.nmk-vikedal.net>, og følgja linken til "Påmelding" i menyen til venstre.

Du kan sjekka kven som er påmeldt på heimesida vår, der startlista for løpa vert kontinuerlig oppdatert.

Spørsmål

Har du spørsmål kan du kontakta Svein Erik Østbø, tlf. 90895398 eller e-post pamelding@nmk-vikedal.net

Med vennlig helsing
NMK Vikedal

E-post: pamelding@nmk-vikedal.net

Vedlegg. Tilleggsreglar for begge løpa
Reglement for Vestlandsmesterskapet 2005

